



Gjertrud Jordal
Klokkarstien 11
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15309 - 20/63721

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
09.10.2020

Registrert avvik i sepetiktank - gbnr 139/88 Tveiten nedre

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 139/88/
Tiltakshavar: Gjertrud Jordal

Alver kommune har den 09.09.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 27.08.2020 vart registrert fleire avvik i septiktanken på eigedommen din, med adresse Klokkarstien 11, 5911 Alversund. Det var rapportert om at det var lekkasje og lågt nivå i tanken din. I tillegg manglar dykk utløp.

Når utløpet manglar dykk, vil slam og forureinande stoff bli leda ut av slamavskiljaren til pumpekum/fordelingskum eller direkte til infiltrasjonsfilter. Dette kan medføre stor fare for tetting av kum eller filter. Manglande dykk er ein feil som gjer at anlegget ikkje overheld rensekrava og kan i verste fall føre til at kloakk slår inn i bustaden eller renn ut av tanken.

Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Tanken må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 10.12.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tanken, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Gjertrud Jordal

Klokkarstien 11

5911

ALVERSUND